Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 11

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Ymse attåt fôr

Oppskr. av: Kari Haga Flettre

(adresse): Hagebyen 2, Voss

Fylke: Hordaland

Herad: Voss

Bygdelag: Vossevangen og Reppen

Gard:

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Heimelsmann: Johannes Flettre, f. 4. oktbr 1911, Voss, Arbeidsformann.

SVAR

16062

Emne nr. 11. Ymse attåt fôr.

1:

Ein var vel slutta for ca 40 år sidan å sanka røter her. - Men det tok seg oppat i mindre mun under siste krig då ein sanka til grisefôr. - Men all slik sanking slutta etter krigen.

2:

Nei.

3: Jau, trönske röter vart nytta til grisefôr. Trönska vart kasta i dungar på åkeren som ein reinska opp vårdagen. Så vart ho frakta heim, vaska i store stampar ved grova (bekken).

4 og 5:

Rötene vart bruka etter kvart om våren. Dei vart frakta heim i bytter eller kjessar (teiner).

16062

6:
Trönskeröter vart rekna for geitt godt for.

B. – Bregner og blom.

1:
Einstapp.

2:
Ukjent nom her.

3 og 4:
Rötene av bregner er truleg ikkji nytta her.

5:
Blom, kallar ein den einstappen ein nyttar her. Det er blada som vert nytta. Di skar blommen med ljå eller sigd tidleg om våren. Hesja han og brúka han som attåt for vintersdag. – Slo oppat same staden ungblom som korn. Denne håblommen rekna di sers god, di hesja han. Vinterfor.

Emna: Tang, tare og hestemökk, vert eg ingen ting om frå desse kantar.

III Annet for av planter.

Rognebær vart sanka og brukte til grise-for og sume turka og hadde det til hönsefor med. Einebær vart sanka og lagra, men visst som medisin for kyr og folk, ikkji som for. Potetlauv vart turka og lagra og bruka som for åt kyr og griser.

V Sörpefor.

1: Sürpa, og sukk vart det kalla her. Det vert vel i viss mun gjöre dyra enssl. Det vart gjerne tillaga

16062

og gjeve dei i solide bytter av tre, med „gjerö" kring av seger eller hasle band. — Grisen åt sörpa si av „bryä" som gjerne var ütorgraven av ein heil stokk, så ho var solid og ^tung^ ikkji velta. Medan kalvane fekk sörpa av ^ein^ raskje. Det var som ei lita låg bytte av tre, med eit oppstående håndtak. Kyrne åt sörpa av större trebytter. — Helst berre slo ein kokande vatn eller mjölkeblanda på. Ikkji koka.

2:

Ein laga hakkelse: og hakka halm m. mjöl og vatn på. — Höyfre og agner vart og blanda med mjöl og kokande vatn. Mjölet var: Bygg-korre og blandingskorn. Også höy vart hakka, blanda med mjöl og laga til sörpa.

3:

Sörpa var gjeven kald eller lunka. Men etter kalving gjerne varm og med mjöl mjöl på.

4.

Eg har berre höyrt dei bruka rognebær til gris- og hönsefor.

5:

Det kjenner eg ikkji til.

6:

Ja bunnavfall etter ölbrygging vart gjeve som grisefor, og det gjer feite griser. Ein gav det som vanleg grise-for og gjerne saman med mjöl og gras.

7:

Ein kokar lög på höyfre og potetlauv og på brennenot. — Brennenot med lög på vert enno mykji nytta til grisefor.

16062

VI. Fiskeavfall.

1 og 2:

Det kjenner eg ikkji til.

3 og 4 og 5:

Dei rekna her at gris og høns var glade i fiskeavfall. – Difor fekk gjerne hønsene avfallet og fiskekraften vart så slegen på sørpa åt grisen, gjerne saman med mjølkeblanda etter kollevasket (vask av mjølkegjerald. Då vart fiskesåat ikkji for salt, men gav grisen mathug.

5:

Sildesået vart rekna ekstra godt å ha i grisesørpa. – Men han måtte ikkji få det i slakte-månaden, for då smaka det sild av flesket.

6 og 7:

Det er ukjent her.

16062